

Mai 2016

1.0 Budsjetteknisk

BUDSJETTEKNISK	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme inkl. midlar til å dekke avsk	132 590	132 590	0	653 855	653 855	0
ISF egne pasientar	3 124	3 644	-519	15 687	17 813	-2 126
Andre øyremarka tilskot	1 807	1 665	142	8 995	8 325	670
Sum driftsinntekter	137 522	137 899	-377	678 538	679 994	-1 456
Kjøp av offentlege helsetenester	9 595	8 478	1 117	38 447	42 392	-3 946
Kjøp av private helsetenester	-300	345	-645	683	1 725	-1 042
Varekjøp	-	630	-630	2 270	3 080	-810
Pensjonskostnad	-9 156	-	-9 156	-45 780	-	-45 780
Avskrivningar	8 064	8 429	-365	40 730	42 146	-1 416
Andre driftskostnader	230	284	-54	1 307	1 421	-114
Sum driftskostnader	8 715	18 167	-9 452	37 939	90 764	-52 825
Driftsresultat	128 806	119 732	9 074	640 599	589 229	51 370
Finansinntekter	200	117	83	790	583	206
Finanskostnader	117	314	-197	636	1 571	-935
Finansresultat	82	-198	280	154	-988	1 142
Ordinært resultat	128 889	119 535	9 354	640 753	588 242	52 511
Herav økte pensjonskostnader utover fo	-9 156	-	-9 156	-45 780	-	-45 780
Resultat justert for økte pensjonsk	119 733	119 535	198	594 973	588 242	6 731

Inntekter

ISF-inntekter egne pasientar på budsjetteknisk er 50 prosent av DRG-verdien på dei pasientane som vore behandla ved sjukehus i andre regionar. Lågare inntekter gjer at vi også har lågare kostnader.

Kostnader

Kostnader til kjøp av offentlege helsetenester inneheld både gjestepasientkjøp, som ein del av ISF, og kjøp utanfor ordninga. For kjøp frå andre regionar innanfor ISF-ordninga betaler Helse Førde 80 prosent av DRG-verdien. Nettokostnaden for Helse Førde er 30 prosent av DRG-verdien. Totalt har Helse Førde per mai kjøpt helsetenester for om lag 4 millionar mindre enn budsjettert, sjølv om kostnaden var høgare enn budsjett i mai. Det er uklart korleis utviklinga blir framover. Når det gjeld kjøp frå private ser det ut til at vi har sett av for mykje i tidlige periodar. Når det gjeld varekost har det ikkje vore grunnlag for kostnadsføring i mai.

Pensjonskostnadene blir rekna ut frå aktuarberekningar. Denne viser no at kostnadene blir om lag 9 millionar lågare kvar månad enn budsjettert. Helse Førde bokfører budsjetterte pensjonskostnader i klinikkane for at det skal være lett å samanlikne resultatet med budsjettet. Pensjonskostnadene vert justert tilbake på nest nederste linje, slik at resultatet nederst går direkte an å samanlikne med budsjettet. I revidert nasjonalbudsjett føreslår regjeringa at den lågare pensjonskostnaden skal motreknast mot lågare basisløyving. Dette vil bli justert når vi får nærare beskjed frå Helse Vest RHF.

2.0 Stab og støtte

ØKONOMI

STAB OG STØTTE	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme inkl. midlar til å dekke avsk	10 142	10 142	0	50 644	50 644	0
Øyremarka tilskot "Raskare tilbake"	25	28	-2	272	135	136
Andre øyremarka tilskot	1 270	498	771	3 031	2 492	538
Andre driftsinntekter	6 433	6 372	61	32 314	30 681	1 632
Sum driftsinntekter	17 869	17 039	830	86 259	83 953	2 307
Kjøp av offentlege helsetenester	30	70	-40	356	348	8
Kjøp av private helsetenester		3	-3		16	-16
Varekostnader	1 891	1 838	52	9 928	9 488	440
Løn til fast tilsette	15 188	15 795	-607	76 761	77 695	-933
Overtid og ekstrahjelp	212	282	-71	1 198	1 370	-172
Pensjonskostnad	4 325	4 359	-34	21 794	21 794	0
Offentlege tilskot og refusjonar	-610	-426	-184	-3 416	-2 128	-1 289
Anna løn	2 365	2 568	-203	12 174	12 393	-219
Andre driftskostnader	32 984	31 702	1 282	160 857	159 998	858
Sum driftskostnader	56 384	56 192	192	279 653	280 976	-1 322
Driftsresultat	-38 515	-39 152	638	-193 394	-197 023	3 629


Stab og støtte har eit positivt avvik frå budsjett på 638 000 denne månaden. Inntektene er 830 000 høgare enn budsjett og kostnadene er 192 000 høgare enn budsjett. Personalkostnader har eit positivt avvik på 1,1 millionar, medan kostnader til IKT var 400 000 høgare enn budsjett. Pasienttransport denne månaden syner aktivitet som budsjettert denne månaden.

Akkumulert

Akkumulert har Stab og støtte eit positivt avvik mot budsjett på 3,6 millionar. Driftsinntektene er 2,3 millionar høgare enn budsjett, medan driftskostnadene er 1,3 millionar lågare enn budsjett til no. Positivt avvik skuldast i hovudsak personalkostnader og pasienttransport. IKT-kostnad har akkumulert eit negativt avvik på 900 000.


PERSONELL

Medarbeidarar:



Det er i mars registrert 351 brutto månadsverk, som i same periode i 2015. Netto månadsverk er 330, som er ein færre enn for eitt år sidan.

Sjukefråvær:



Stab og støtte hadde i april eit registrert sjukefråvær på 6,5 prosent, 0,4 prosent høgare enn på same tid i fjor. Vi har over tid hatt stort fokus på det viktige i systematisk oppfølging av sjukmelde, samt auka kompetanse og tryggleik for leiarane i oppfølgingsarbeidet.